

MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: 27. januar 2023

Stad: Gol kommune, kommunestyresalen

Desse møtte frå Regionrådet:

Solveig Vestenfor	Ål kommune
Pål Rørby	Hemsedal kommune
Petter Rukke	Hol kommune
Herbrand Jegleim	Gol kommune
Tore Haraldset	Nesbyen kommune
Merete H. Gandrud	Flå kommune

Desse møtte frå rådmannsutvalet:

Kent Emil Johansen	Hol kommune
Karsten Dideriksen	Ål kommune
Hege Mørk	Gol kommune
Henrik Skovly	Nesbyen kommune
Odd Egil Stavn	Flå kommune

Desse møtte frå Viken fylkeskommune:

Siv Henriette Jacobsen, fylkesrådsleiar
Iselin Haugo Stavn, pol.
Magnus Weggesrud, pol.
Bjørn Siem Knudsen, adm

Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Helling, dagleg leiar
Maria Grevsgård, prosjektleiar Sats på Hallingdal

Forfall

Stephan Gundersen Hemsedal kommune

SAK 01/23 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 16.12.2023**Vedtak:**

Protokollen 16.12.2023 er godkjent.

SAK 02/23 INFORMASJON OM VINN AS.

Lisbeth Skølt og Gunn Marit Oleivsgard informerte om kva som rører seg på VINN AS. Sjå Vedlegg. VINN ønskjer å koma i dialog med kommunane om korleis ein kan jobbe betre saman.

Vedtak:

Vinn blir invitert til vidare prosess på Regionrådsmøte i mars

SAK 03/23 NYTT FRÅ VIKEN. V/FYLKESRÅDSLEIAR SIV HENRIETTE JACOBSEN

Fylkesrådsleiar Siv Henriette Jacobsen informerte om nytt frå viken (sjå presentasjon)

SAK 04/23 GRØN VEKST HALLINGDAL. OPPSTART AV HOVUDPROSJEKT**Vedtak**

1. Regionrådet støttar styringsgruppa sine vurderingar om å etablere eit hovudprosjekt, førebels kalla «Hallingdal berekraft», der det skal inngå minimum 4 stillingar, helst 6 stillingar i 2023.
2. Regionrådet vedtek at Interkommunal klimakoordinator blir tilsett i 100% fast stilling og at sirkulærøkonom blir tilsett i 100% midlertidig 3 årig stilling med Regionrådet som arbeidsgjevar.

SAK 05/23 STATUS SATS PÅ HALLINGDAL

Maria Grevsgård gav ein kort status på Sats på Hallingdal. Sjå vedlegg

SAK 06/23 SAMFERDSELSSAKER. INKLUDERT KVA GJER ME MED SAMFERDSELSUTVALET

Jan Olav presenterte korleis NTP prosessen blir lagt opp i grove trekk. Regionrådet drøfta korleis ein skal påverke og bli høyrt. Under drøftinga vart det stilt spørsmål om korleis utvalet har fungert, kva som er gjort og kva ein har fått til. Dette var det ulike meiningar om, men på grunn av at det har vore ein del utskifting av medlemmer, at den administrative ressursen har slutta, at ein er i tvil om punkt 2-5 i mandatet er svart ut og at det lenge sidan siste møte var Regionrådet einige om å ta nokre grep.

Vedtak:

1. Det blir fremma ein sak til Regionrådet der prioriteringane som Regionrådet gjorde i førre NTP, sak 10/20 blir drøfta saman med transportkorridordokumentet av 19.1 2023. Saka skal nyttast til å påverke Vegvesen og NV før dei etatsvise prioriteringar med frist 31. mars 2023. I tillegg dannar saka utgangspunkt for Regionrådet sine innspel til Viken i samband med NTP høyringa i juni 2023.
2. Regionrådet tilrår at Samferdselsutvalet blir lagt ned i noverande form, men at ein ser på andre måtar å få til tverrpolitisk påverknad fram mot NTP våren 2024. Samferdselsutvalet sine medlemmer blir bedt om å evaluere arbeidet så langt og koma med forslag til korleis ein kan jobbe med samferdsel framover. Evalueringa vil danne grunnlag for ei sak til Hallingtinget i april.

SAK 07/23 RESTANSELISTE 2022 OG OPPFØLGING AV SAKER I REGIONRÅDET

Saka vart utsett

SAK 08/23 EVENTUELTT**Møte i Seljord****Vedtak:**

Dagleg leiar får i oppdrag å finne dato for eit besøk på fylkessenteret i Seljord snarast. Målet er å finne ut kva dei har gjort og korleis dei fekk det til.

Søknad til Viken fylkeskommune «Det kvite gullet»

Info: Det er sendt ein søknad til Viken fylkeskommune

Oppvekstreforma:

Det er ei stor uro knytt til regional satsing knytt til ungdom, psykiatri og akuttplassering.

Vedtak

Rådmennene får i oppdrag å laga ein sak på kva Hallingdal kan gjera noko saman

Viljeserklæring og samarbeidsavtale frå Hallingtinget.

Kommunane må hugse at også vedlegga skal vedtakast i kommunestyre

Forslag frå Pål Rørby om at IKS må sende sakslistar til kommunane minst 30 dagar før møtet.**Vedtak:**

Regionrådet oppmodar alle IKS å sende saksliseter til kommunane så tidleg som mogeleg

Hallinghelse 10 år

Hallinghelse får presenter seg på Hallingtinget.

Viktig info om breibandssøknad 2022/2023

Info blir gitt i eige møte, søknadsfristen er 16. feb.

SAK 09/23 STATUS I FORPROSJEKTET CAMPUS HALLINGDAL

Petter Aasen, Nils Kristian Bogen og Kristin Barstad frå USN, samt Prosjektleiar Knut Arne Gurigard orienterte om status i forprosjektet. Sjå vedlegg

Hallingdal 29. januar 2023

Jan Olav Helling

Dagleg leiar